

Utdanningsplan for spesialiteten

Generell kirurgi Del 2 og Del 3

Ved Akershus universitetssykehus HF

Generell utdanningsplan for LIS 2 kirurgi og LIS 3 generell kirurgi ved Akershus Universitetssykehus

Oppdatert 25.august 2019

1. Innleiing

Planen gjeld grunnutdanning – LIS 2 – i kirurgiske fag og utdanning i generell kirurgi – LIS 3 - ved kirurgisk divisjon, Akershus Universitetssykehus (AHUS). Sjukehuset er godkjent utdanningsinstitusjon på desse områdene. Det er fire kirurgiske avdelingar i divisjonen, for disiplinane kar-/thoraxkirurgi, gastroenterologisk kirurgi, urologisk kirurgi og bryst-/endokrinkirurgi. Vi tilbyr også delar av tenesta ved plastikkirurgisk seksjon. Sjukehuset har opptaksområde på ein halv million innbyggjarar og handterer dei fleste sjukdomstilfeller i nevnte spesialitetar med unntak av somme regionale og nasjonale funksjonar som henvisast samarbeidande sjukehus. På den andre sida har AHUS også somme regionale og nasjonale oppgåver. Utdanningstilbodet ved AHUS er komplett slik at fullverdig utdanning i generell kirurgi skal giast ved tilsetting ved sjukehuset. Ein del av den dagkirurgiske aktiviteten skjer ved Ski Sykehus – som ligg administrativt under AHUS. Kongsvinger sjukehus er ein del av helseforetaket og ein del av utdanningstida kan bli i Kongsvinger. Det er lagt opp til utvekslingsordning med Kongsvinger slik at ein AHUS- kandidat og ein Kongsvinger-kandidat bytter plass for eit gitt tidsrom.

2. Tenesta

er organisert ved rotasjonsordning og avdelingsteneste i halvårlege sesjonar ved fagavdelingane i

- a. gastroenterologisk kirurgi
- b. bryst-/endokrinkirurgi
- c. kar-/thoraxkirurgi
- d. urologisk kirurgi , i tillegg til teneste ved
- e. plastikkirurgisk seksjon

Kortnamna GASTRO, BRENDØ, KAR, URO, PLASTIKK nyttast i teksta. Det er 18 utdanningskandidatar i LIS2 kirurgi/LIS3 generell kirurgi i kirurgisk divisjon. Det er i perioder LIS som deler stillingar med 50% forskning og 50% klinikk. Legane går i 9-delt primærvakt og 9-delt sekundærvakt. LIS under utdanning i fagavdelingane («B-greinlegar»/LIS 3) går i eigne vaktsjikt i gastrokirurgi (8 stk i tilstade-døgnvakt) og i karkirurgi (3 stk i aktiv dag- og passiv nattvakt) og i urologi (3 stk i aktiv dagvakt). Dei aller fleste LIS 3 er ferdige spesialistar i generell kirurgi og er tilsette i fagavdelingane og fell utanfor mandatet til utdanningsutvalet i generell kirurgi. Dei har tillitsvald, verneombod, utdanningsutval og administrativ sjef i fagavdeling. Alle LIS 3- kandidatar er inviterte til – og deltek i – generell kirurgisk undervisning.

Dei 18 legane som er under utdanning i LIS 2 kirurgi/ LIS 3 generell kirurgi («rotasjonslegar») har eigen administrativ-personellmessig sjef i koordinerande overlege for kirurgiutdanning. Koordinerande overlege er også leiar for utdanningsutvalet i generell kirurgi og for utdanningsutvalet i kirurgisk divisjon og for tida også medlem i spesialitetskomiteen i generell kirurgi.

Oversikt over legane under utdanning i kirurgi framgår av vedlagt rotasjonsoversikt og særskilt samlande stillingsoversikt.

VAKTNESTA

Vaktstrukturen på kirurgisk side er:

- Turnuslege (kontinuerleg aktiv vaktordning todelt døgn)
- Primærvakt i 9-delt vaktordning (aktiv todelt døgn)
- Sekundærvakt i 9-delt vaktordning (aktiv todelt døgn)
- B-greinvakt GASTRO i 8-delt vaktordning (aktiv todelt døgn)
- B-greinvakt KAR og URO i dagvaktordning (KAR B-grein i passiv nattevakt)
- Tertiærvakter i GASTRO, URO, KAR og BRENDØ (passiv heimevakt nattestid)

Det er primær- og sekundærvakter denne planen er meint å dekkje. I hovudsak har primærvaktene hovudarbeidsstad i akuttmottaket på vakttid og er ansvarlege for mottak og journalskriving på kirurgiske akuttpasientar. Sekundærvaktene skal også delta i dette arbeidet men har i tillegg ansvar for prioritering av ø.hj.-operasjonsprogram samt telefonar og tilsynsforerespørslar på nattestid. Sekundærvakt er traumeteamleiar. Sekundærvakt er katastrofesjef inntil divisjonsdirektør eller denne sin erstattar er på plass. Kva for konstellasjon av legar som til ei kvar tid bemannar operasjonsstuene på vakt må vere fleksibelt og avhengig av kva den enkelte kan og trenger og kva som er praktisk mogleg. B-greinlegane har særskilt ansvar for at det utdanningsmessige aspektet blir teke vare på og at primær- og sekundærvakter får vere med der det er mogleg. Ein av B-greinlegane er til ei kvar tid fram til kl. 21 på kvardagar øvste ansvarlege vaktteamleiar i mottaket, etter arbeidsdeling som er skissert nærmere i instruks. For KAR/URO/BRENDØ- pasientar går linja frå sek.vakt til overlege på natt. Vi har såleis B-greinlegar i fremste linje tilgjengeleg i mottaket. Det er eigen kirurgisk base i mottaket med seks arbeidsplassar. Rommet vart utvida og pussa opp i 2017 inkludert med sittegruppe og kjøleskap, samt D-boks for laparoskopitrenings. Turnuslegar og ortopedar brukar også dette rommet. Utdanningsutvalet finn at vaktordninga med dei forsterkningane som er gjort over dei siste åra har gitt AHUS ei god og robust vaktordning med forbetring av utdanningskandidatane sin arbeids- og opplæringssituasjon.

AVDELINGSTENESTA

skal innehalde alle aspekter ved drifta/pasientbehandlinga i avdelinga:

- Poliklinikk
- Visitt/postarbeid
- Sentraloperasjon
- Dagkirurgi
- Interne møter og tverrfaglege møter
- Internundervisning

Rotasjonslegane har sjølvstendig poliklinikk - etter opplæring og under supervisjon - ved alle avdelingane. Rotasjonslegane har previsitt med erfaren kollega, og går visitt åleine eller som hovudregel saman med erfaren kollega. Internundervisning blir helde av vekselvis overlegar og rotasjonslegar og B-greinlegar. Utdanningsutvalet finn at supervisjon og opplæring på visitt og poliklinikk verkar å vere adekvat ved alle avdelingane. Nye folk blir sett til å ha poliklinikk saman med erfaren kollega dei fyrste

gongane. Utdanningsutvalet har likevel inntrykk av at det somme gonger framleis kan vere vanskeleg å få erfaren kollega sin hjelp på poliklinikken og at pasientkasus og tiltak da heller drøftast i etterkant. Men som regel har overlegar og LIS poliklinikk rett i nærleiken av kvarandre (naborom).

Alle avdelingane har fortsatt potensiale i å tilby meir voluminøs og strukturert operativ kirurgisk trening. Utdanningsutvalet ser positivt på utviklinga der dagkirurgisk senter gjerast til hovudarena for opplæring for LIS generell kirurgi spesielt ved gastrokirurgisk avdeling.

Ut frå utdanningsplaner og tilbakemelding frå kandidatane er det fortsatt ei viss spreiing der somme yngre kolleger har gjort mindre enn det utdanningsutvalet ser som tilfredsstillande. Dei tiltak vi har sett i verk håper vi vil bøte på dette – og bringe enda meir struktur i opplæringa. Det er sjølv sagt også slik at fagutviklinga innan kirurgi speler ei rolle: mange inngrep som tidlegare var enkelt tilgjengeleg i opplæringa har no til dømes vorte ekspertinngrep ved hjelp av laparoskop (f.eks. colectomi, nyrereseksjon) eller laserbehandling (varicekirurgi). Radiologiske, endoskopiske og minimalinvasive prosedyrer har gjort innhogg i det operasjonsvolum som tidlegare kunne kome ein utdanningskandidat til del. Det sterke vaktsystemet vi har innført betyr også at det er eit stort volum med kandidatar som skal få ei god utdanning; det er fleire om beinet.

Det er lagd samarbeidsavtale mellom gastrokirurgisk avdeling og gastromedisinsk avdeling for opplæring i gastro- og coloskopi for LIS.

Vi har utvikla samarbeid med sjukehuset i Kongsvinger med utveksling av kandidatar for å auke erfaringa i høg-volum benign kirurgi.

Det utdannast mange generellkirurgar ved AHUS og utdanningsutvalet meiner AHUS totalt sett tilbyr ei god og komplett utdanning.

AVDELINGSOVERSIKT

► URO

12 overlegestillingar inkludert ein 1. amanuensis og avd sjef

5 B-greinstillingar

28 senger

► GASTRO

17 overlegestillingar inkludert to professor II, samt avdelingssjef. Ein professor I kjem i tillegg.

8 B-greinstillingar

57 senger

► BRENDØ

5,7 overlegestillingar

2 B-greinstillingar

5 senger

► PLASTIKK

Seksjonen har to overlegar i plastikkirurgi.

➤ **KAR/THORAX**

8 overlegestillingar (7 i karkirurgi og 1 er i tillegg spesialist i thoraxkirurgi), inkludert ein 1. amanuensis
3 B-greinstillingar
21 senger

KONTORAREAL

Sjukehuset har open kontorlandskapsløysing. Rotasjonslegane ved KAR, GASTRO og BRENDØ har kontorområde til disposisjon i kontorbygget Nye Nord (NNU). Det finnast toalett og eit tekjøkken i området.

Ved URO har rotasjonslegane plass i kontorområdet i 4.etasje. Også ved dei andre avdelingane kan ein bruke plassar som står ledig, men ein må belage seg på å måtte flytte seg om «eigaren» dukkar opp. Særleg ved fordjuping og lengre pauseslag er det aktuelt å nytte området i NNU. Alle plassane ligg i opne kontorlandskap, med pc, pult, kontorredskap og tilgjengeleg multifunksjonsskrivar. Avstanden til kontorområdet for rotasjonslegane i NNU er ein ulempe. Men i praksis er det alltid ledig plass som kan brukast i fagavdelingane sine kontorlandskap.

BIBLIOTEK

er lokalisert i kontorbygget Nye Nord. Aktuelle tidsskrifter er å finne i kvar fagavdeling. Det er ei utfordring at dataprogramvare på standard datamaskiner på AHUS ofte er for svakt teknisk eller avgrensa og underregulert til å takle f.eks WebSurg, Youtube og andre store filer. Dette er ein hemsko i utdanninga som det må jobbast med å utbetre. Hardware og software vart delvis bytta ut i løpet av 2015 og viss forbetring vart oppnådd. Det er eit problem at berre vitskapleg tilsette ved universitetet kan finne fulltekstversjon av alle artiklar. Utdanningsutvalet ber om at slik tilgang blir gitt til alle legar.

TVERRFAGLEGE MØTER

I alle dei fire kirurgiske fag arrangerast det tverrfaglege møter i handteringa av cancerpasientar med kirurgar, onkologar, radiologar og patologar til stades.

FORSKNING

AHUS har eit sterkt forskarmiljø også på kirurgisk side med aktiv medisinsk forskning i alle disiplinane. Vi oppmodar alle utdanningskandidatane til å sjølve vere aktive og oppsøkje professorar, lektorar og amanuensiar dersom ein har idear ein vil prøve ut. For tida er ein av rotasjonslegane – og tre LIS 3 - involvert i forskning som skal leie ut i doktorgrad. I tillegg er mange med på mindre arbeider og presentasjonar i faglege fora. Ein kandidat har doktorgrad. Vi undersøkjer moglegheitene for å få fleire D-stillingar eller deltidsstillingar med delvis forskningsfinansiering. Divisjonen disponerte tidlegare kun ei slik D-stilling men no er den i praksis gått inn i vanleg drift. Inntil vidare har vi lagt til rette for forskning ved 50%-stillingar øremerka for forskningskandidatar. Men kandidatane må altså finne lønsmidler for forskningsdelen

ved ekstern finansiering. Utdanningsutvalet vil jobbe for formelle D-stillingar ved AHUS. Gastrokirurgisk avdeling har tre professorater, fem andre overlegar med doktorgrad, ein LIS B-grein med doktorgrad og tre legar som jobbar på sin grad. Kar/thoraxkirurgisk avdeling har ein fyrsteamanuensis. Urologisk avdeling har ein fyrsteamanuensis og tre andre overlegar med doktorgrad.

3. Utdanninga

INDIVIDUELL UTDANNINGSPLAN, OPERASJONSLISTE OG REGISTREING AV LÆRINGSMÅL I DOSSIER

Individuell utdanningsplan skal fyllast ut og leverast til koordinerande overlege minst to gongar i året (ved rotasjon). Den burde lagrast elektronisk av den enkelte og javnleg oppdaterast og nyttast i veilederarbeidet samt som grunnlag for rapport til sentrale myndigheiter om utdanninga ved AHUS. Alle kandidatane har slik plan. I løpet av hausten 2019 innførast elektronisk registrering av læringsmål etter ny utdanningsstruktur (Dossier). Kandidatane må sjølve føre inn allereie oppnådde læringsmål, som så godkjennast av koordinerande overlege. Fortløpende elektronisk godkjenning av overordna læringsmål gjer koordinerande overlege. Fortløpende elektronisk godkjenning av praktiske og konkrete læringsmål gjer superviserande overordna og rettleiarene.

KURS

Som hovudregel innvilgast eitt kurs/fem kursdagar i halvåret. Den som har stuttast tid att til spesialistgodkjenning prioriterast. Listeførar har oversikt over kven som har reist på kurs siste 12 mnd. Det blir gitt lønna permisjon som genererer vakansvakter til både obligatoriske og valfrie, relevante kurs innanfor desse rammene. Det er ønskjeleg at kvar enkelt har ein elektronisk oversikt over avvikla kurs. Slik oversikt kan nyttast i veiledersamtaler og av koordinerande overlege i overvakinga av utdanninga. Det er liberal praksis med å innvilge kurs – dei fleste reiser vesentleg meir enn det avtalefesta minimumskravet.

STUDIEDAGAR

4 dagar per 9 vekers turnus. Studiedagane må av og til vike til fordel for driftsoppgåver. Det skjer ofte til fordel for operativ aktivitet og med kandidaten sitt samtykkje, men det er framleis rom for forbetring spesielt i gastrokirurgisk avdeling. Det er også nokre vakante dagvakter som fell på kandidat med studiedag – på grunn av liberal permisjonspraksis for kurs og anna og for å skjerme dei kandidatane som har operasjonsdag. Ei større kursjustering vil medføre færre kurs eller operasjonsdagar. Utdanningsutvalet nøyer seg med å kommentere utviklingstendensen og ber avdelingsleiingane om å vere merksam på at studiedagar også er naudsynt.

UTDANNINGSUTVAL

- Leiar: Koordinerande overlege Erik Kjæstad
- Ein utdanningsansvarleg lege for kvar avdeling:
 - URO Tone Kongsrød
 - KAR Jan Torkild Haukvik

- BRENDØ Berit Gravdehaug
- GASTRO Thomas Heggelund
- LIS sine representantar:
 - Torgard Hornbæk-Simonsen(tillitsvald)
 - Anne Helene Lilleas
 - Elin Agustdottir (listeførar sekundær)
 - Kristoffer Holmås (listeførar primær)
 - Knut Selsås

Mandat:

- Regelmessige møter minst kvart halvår. Oftare ved behov. Ansvarlege for utdanninga i generell kirurgi ved AHUS. Vedlikehalde plan for utdanning som i stort er lik den instruksen kvar utdanningskandidat får ved oppstart.
- Vertskap for halvårleg fagdag i generell kirurgi. Interne pådrivare for utdanninga i respektive avdelingar; talsmenn for avvikling av studiedagar, operasjonstilgang, veiledning, supervisjon og undervisning i avdelinga.
- Arrangørar av simulatortrening og trening i praktiske prosedyrer.

ETTERUTDANNING AV SPESIALISTAR (LEIF-RAPPORT)

Eininga for generellkirurgi, kirurgisk divisjon har ikkje overlegar tilsett.

Fagavdelingane har ikkje overlegar i generell kirurgi tilsett. Fagavdelingane rapporterer for sine greinspesialistar.

4. Rettleiing

- Oversikt over rettleiarar er vedlagt. Alle LIS skal ha ein spesialist i generell kirurgi som rettleiar. Ved bytte av avdeling får ein ny rettleiar. Det er avdelingane som tildeler rettleiar og gir beskjed til utdanningsutvalet/koordinerande overlege. Alle LIS har per dato rettleiar.
- Det skal vere faste samtaler kvar månad. Dette skal vere samtaler på tomannshand i skjerma miljø. Operasjonslister, plan over kursavvikling og utdanningsplan er nyttige verktøy i rettleiarsamtalene. Gjennomføringa av rettleiarsamtaler er noko varierande med rom for forbetring hos enkelte rettleiarar og kandidatar. Utdanningsutvalet har innstilt på å gjere eit visst minimum av samtaler per år obligatoriske med underskrift på eige skjema (vedlegg) og dette har hjulpet veldig.
- Utdanningsutvalet vil oppfordre fagavdelingane til å sende legane på kurs i rettleiing.
- Kandidatane vurderast i overlegegruppa, ved rettleiing og av einkvar overordna kollega. Utdanningsutvalet har foreslått å gjere individuell vurdering i overlegekollegiet formelt etter gitt skjema, men det er enno ikkje innført anna enn ved ei avdeling (KAR). Utdanningsutvalet ønskjer dette innført ved alle avdelingane. Samtaler kring attendemelding og i kor stor grad ein er eigna eller ikkje skjer ved koordinerande overlege, formelt som medarbeidersamtale eller ved innmeldt behov.

5. Arbeidsmiljø, verneteneste, tillitsvald

PERSONALMØTER

Det blir arrangert personalmøter ein gong i halvåret.

MEDARBEIDERSAMTALE

Koordinerande overlege inviterer til minst årlege medarbeidersamtaler. I samband med medarbeidersamtalene ønsker vi at alle fyller ut (og seinare held oppdatert) individuell utdanningsplan med operasjonslister. Alle utdanningskandidatane hadde slik medarbeidersamtale i løpet av 2019.

ARBEIDSMILJØUNDERSØKING («ForBedring»)

Ein gong i året sendast det ut anonymisert, elektronisk spørreskjema om arbeidsmiljøet.

VERNEOMBOD

Divisjonsverneombod Amy Finnvik-Skeie fungerer som verneombod for denne gruppa. Samtidig har fagavdelingane verneombod som jobbar med saker som gjeld heile legegruppa i avdelinga.

TILLITSVALD

for denne gruppa er Torgard Hornbæk-Simonsen. Tillitsvald sit også i utdanningsutvalet.

6. Internundervisning

- I tillegg til avdelingsvis undervisning (>90 min/veke i kvar avdeling) arrangerast eigen fagdag i generell kirugi ein gong i halvåret. Eit sett med obligatoriske tema i generell kirurgi skal dekkjast *av dei to undervisningsformene til saman* i løpet av ein toårs periode. Den tematiske oversikten er vedlagt. Det blir sirkulert lister over undervisning. Når det er eins eigen tur til å ha undervisning er ein sjølv ansvarleg for å bytte dersom det ikkje passer. Poliklinikk og anna planlagt verksemnd skal ikkje interferere med undervisninga. Internundervisninga i kvar avdeling består av minst 3x30 min kvar veke med felles presentasjon, hovudsakleg som foredrag, somme tider ved eksternt invitert ekspert, ein del er kasuistikk-/komplikasjonsmøter og noko er kongress-/møtereferat. I tillegg har alle avdelingane samarbeid eksternt i form av regional nettbasert fellesundervisning. I tillegg til dette er det kvar veke 30 min felles undervisning for alle profesjonar ved AHUS. Internundervisning er obligatorisk og lagt rett etter morgommøtet og det er opp mot 100 % oppslutning blant dei som har dagteneste aktuelle dag – samt på fagdagane. Når det arrangerast fagdag i generell kirurgi tek B-greinlegar som er ferdige generell kirurgar over vaktansvaret for primær- og sekundærvakter *og* mannskap som har fri etter tenestesplan får skrive timane opp til seinare avspasering for å sikre godt oppmøte. Neste fagdag i generell kirurgi er planlagt 26.november 2019.
- Som universitetssjukehus er AHUS stadig vertskap for regionale, nasjonale og internasjonale kurs og seminarer og utdanningskandidatane er alltid velkomne til å delta.
- Traumegruppa har ønskt å få til organisert hospiteringsordning ved traumegruppa på Ullevål. Simulatortrening /laparoskopitrening ordnar vi internt, samt øving i praktiske prosedyrer på lik (bekkenpakking, ekstraperitoneal tilgang til bekkenkar, thorakal og abdominal aortakontroll m.m.). Utdanningsutvalet har fått gjennomslag for å gjere både laparoskopitrening (D-BOX) og traumemøter obligatorisk. Øving i praktiske

prosedyrer på lik er obligatorisk for sekundærvakter. BEST-kurs køyres på AHUS og er obligatorisk for alle vakthavande.

- Det er traumemøter kvar månad. AHUS driver systematisk traumearbeid. To LIS og ein overlege har sett av tid til å arbeide i traumeutval saman med eigen traumekoordinator
- Vi har som mål at alle vaktgåande kirurgar i primær og sekundærvakt skal ha BEST- og ATLS-kurs så snart som råd. Vi ser med velvilje på søknad om DSTC-kurs når ein byrjar å få ein del erfaring.
- Sekundærvaktene skal gå obligatorisk beredskapsledekurs.
- Det førast presenslister ved fagdag, BEST-kurs, traumemøter, prosedyretrening og laparoskopitrening, men ikkje ved ordinær internundervisning.





- Vi freister å arangere javnlege kurs i strukturert operasjonsteknikk i laparoskopi på lik med eigne overlegar som instruktørar.

7. Evaluering og revisjon av utdanningsplanen

Utdanninga vurderast langs fleire akser og i fleire fora:

- utdanningsutval
- avdelingssjefmøte
- overlegemøte
- personalmøte med LIS
- arbeidsmiljøundersøking
- tillitsvaldmøte
- medarbeidersamtaler
- rettleiningssamtaler
- i samtaler mellom koordinerande overlege og alle dei involverte

Utdanningsplanen reviderast av utdanningsutvalet ein gong i året, ellers ved behov.

Utdanningsplanen sendast divisjonsdirektør, alle avdelingane samt alle rotasjonslegane til gjennomsyn ved revisjon.

8. Vedlegg

Oversikt over rettleiarar produserast av avdelingane ved rotasjonstidspunktet og sirkulerast til alle legane. Program for internundervisning er gjort kjent ved oppslag i avdelingane. Program for fagdag og laparoskopitreningskurs sirkulerast ved mail/invitasjon. Individuelle utdanningsplaner og operasjonslister samlast inn av koordinerande overlege to gongar i året og er basis for statistikk og attendemelding til veiledere og avdelingssjefar og utdanningsutval.. Tematisk oversikt over emner som skal undervisast i generell kirurgi. Skjema for obligatorisk teneste.

AHUS, 25.august 2019

For utdanningsutvalet
Erik Kjæstad (Leiar)